

ÅRSMELDING 2016 FOR SUNNMØRE KONTROLLUTVASEKRETARIAT IKS

Verksemda

Selskapet driv sekretariatsarbeid for kontrollutvala i eigarkommunane med heimel i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS er eigd av kommunane: Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

Selskapet har kontor i Ålesund, men legg vekt på å møte kundar og eigarar ute i kommunane noko som medfører reiser. Året 2016 har vore prega av ordinær drift der selskapet har hjelpt kontrollutvala å ivareta sin tilsyns- og kontrollfunksjon i kommunane. Dette gjeld i første rekke saksførebuing og møteverksemd, uttalar til kommunane sine årsrekneskap, bestilling av forvaltningsrevisjonar og selskapskontroll, samt førebu behandlinga av forvaltningsrevisjonar og selskapskontroll i kontrollutvala. Kontrollutvalsekretariatet lagar også egne kontrollrapportar som ligg utanfor revisjonsmandatet og som dermed ikkje er definert som revisjon.

Kontrollutvala har blitt stadig meir førespurt om å avklare, undersøke og vurdere problemstillingar både frå enkeltpersonar og kommunestyra i den enkelte kommune. Sekretariatet får dermed også ei oppgåve i å avgrense kontrollutvala sitt arbeid som tilsynsorgan og oppgåvene har stadig blitt meir komplekse og tidkrevjande. Selskapet ønskjer so langt som mulig å etterkome slike bestillingar.

I 2016 har styret hatt 4 møte og behandla 14 saker. Selskapet har medverka til å avvikle 44 kontrollutvalmøte og å behandle 232 saker.

Fortsatt drift

Årets resultat gir etter styret si vurdering eit rettvisande bilde av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2016 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg. Økonomien i selskapet er god. Underskotet i 2016 skuldast underbudsjettering. Selskapet si drift som skal vere basert på sjølvkost og vere sikra gjennom selskapsavtalen. Størresen på det akkumulerte overskotet må vurderast i forhold til dette. Styret meiner derfor at det er rett å legge fortsatt drift av selskapet til grunn ved avlegging av årsrekneskapen.

Arbeidsmiljø/ytre miljø, likestilling

Selskapet har hatt 1,1 stilling 2016. I tillegg har det blitt kjøpt tenester frå andre slik som budsjettet opnar for. I styret er både kvinner og menn representert. Selskapet sin aktivitet forureinar ikkje det ytre miljøet. Det har i 2016 ikkje vore sjukefråvær.

Andre forhold

Styret kjenner ikkje til forhold etter rekneskapsåret sin utgang som har betydning for stillinga og resultatet i selskapet.

Ålesund, 14.03.2017

Inge Gjærde
styreleiar

Terri-Ann Senior
nestleiar

Dag Oksnes
styremedlem

Harald Rogne
dagleg leiar